

## SAK 45/19 STILLINGSENDING FOR DAGLEG LEIAR I REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

### Saksopplysning

Dagleg leiar i Regionrådet Knut Arne Gurigard skriv slik i brev datert 19. august 2019:

#### Ynskje om stillingsending

«Etter 25 år som dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal har eg ynskje om ei stillingsending. Eg har framleis arbeidslyst og trur eg kan bidra til beste for Hallingdal innanfor nærare definerte arbeidsområde, samstundes som eg kan vera med å legge til rette for ein ny dagleg leiar. Eg ynskjer å gå over i 50% stilling frå 1.2.2020, slik som me tidlegare har drøfta. Eg håpar Regionrådet for Hallingdal ser på dette som ei god løysing.»

Knut Arne Gurigard har vore dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal sidan 1995. I januar neste år blir Knut Arne 67 år, og han ynskjer å kunne arbeide i 50% stilling underlagt dagleg leiar fram til han fyller 70 år. Ei arbeidsavtale vil innehalde tidsavgrensing. Avtala gjeld fram til 1.2.2023 og har ingen klausul om forlenging. Knut Arne går over i stilling som seniorrådgjevar med same lønsvilkår som no, men med 50% løn. Han skal ha rett til dekking av breiband ved heimekontor og fri mobiltelefon. Regionrådet har diskutert kva innhaldet i ei stilling som seniorrådgjevar kan vera. I framlegget til arbeidsavtale er det formulert slik: Stillingens arbeidsoppgaver:

Stillingen hovedarbeidsoppgaver bestemmes av daglig leder innenfor følgende områder:

- Overføring av kompetanse og assistere ny daglig leder
- Ta initiativ i saker av regional interesse i samråd med daglig leder
- Styrking av samarbeid og samhold i Hallingdal
- Arbeid for å bedre kommunikasjonene i og utenfor regionen
- Arbeide for styrking av Hallingdal sin rolle i Viken
- Arbeid i forhold til prosjekt Livskvalitet Hallingdal
- Gjennomføring av nærmere definerte tiltak i vedtatt handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal

Regionrådet har mange prosjekt med eigen finansiering på gang. Her trengs det person(ar) til å gjennomføre dette arbeidet. Knut Arne med si erfaring vil vera som skapt for ein slik jobb. Men det er og mykje anna som kan passe, og det trengs personressurs for desse oppgåvene uavhengig av Knut Arne.

Finansieringa kan vera slik:

- Strategisk plan for Hallingdal kr. 600.000
- Restmidlar næringsfond kr.1.600.000

Dette gjer at det ikkje vi føre til auka betaling frå kommunane.

Knut Arne ynskjer å kunne tiltre i ny stilling frå februar neste år, men har er sjølv sagt villig til å stå i stillinga som dagleg leiar til ny dagleg leiar er på plass.

Dersom Regionrådet imøtekjem Knut Arne sitt ynskje om endra stilling, vil me måtte starte ein prosess med tilsetting av ny dagleg leiar. Dette er ei svært viktig stilling for å vera med på å utvikle Hallingdal vidare framover.

Regionrådet og dagleg leiar har hatt eit godt samspel heile tida fram til i dag, der dagleg leiar har vore tilsett med slik instruks etter revidering 17/12 2004:

*Stillingen hovedarbeidsoppgaver bestemmes av regionrådet innenfor følgende områder:*

- *Lede Regionrådets kontor og ansatte, og ha administrativt ansvar for rådets virksomhet (instruks)*
  - *Budsjett og økonomistyring*
  - *Ta initiativ i saker av regional interesse (instruks)*
  - *Styrking av samarbeid og samhold i Hallingdalsregionen*
  - *Bedre kommunikasjonene i og utenfor regionen*
  - *Styrking av regionens næringsliv og profilering av Hallingdal*
  - *Verdiskapning basert på lokale/regionale ressurser*
  - *Gjennomføring av tiltak i vedtatt handlingsprogram for Regionrådet*
  - *Partnerskapsavtale med Buskerud Fylkeskommune*
  - *Andre områder fastsatt av arbeidsutvalget/regionrådet.*
- Omdisponering av arbeidsområdene kan finne sted ved organisasjonsendring eller ved regionrådets bestemmelse.*

Regionrådet må avklare eventuelle endringer i arbeidsforhold før utlysning av stilling som dagleg leiar.

**Regionrådsordfører tilrår:**

1. Regionrådet vil imøtekoma Knut Arne Gurigard sitt ynske om å fråtre som dagleg leiar for å gå over i 50% stilling som seniorrådgjevar. Vilkår for ny stilling vert etter arbeidsavtale.
2. Regionrådet startar prosess for å tilsette ny dagleg leiar.

Hallingdal 23.8.2019

Oddvar Grøthe  
Rådsordfører